

Vurderingar av søknader for tildeling i 2019 for kvar kommune i Sogn og Fjordane

Kommune	Vurdering
Askvoll	Askvoll leverte 5 søknadar. 2 ordinære anlegg og 3 nærmiljøanlegg. 2 av søknadane vart ikkje godkjend. Av nærmiljøanlegga får Hinderløype ved Atløy stadion tildeling. Det er ein fornja søknad med høg kommunal prioritering. På ordinære anlegg får rehabilitering i Askvollhallen tildeling ettersom den er prioritert for tildeling i 2019 i regional plan
Aurland	Frå Aurland kom det 6 søknadar. 5 ordinære anlegg og eit nærmiljøanlegg. 5 av søknadane vart godkjend. Nærmiljøanlegga søknaden vart ikkje godkjend grunna manglande finansiering. Blant dei ordinære anlegga får dagsturhytta tildeling ettersom det er eit friluftslivanlegg og rehabilitering av bassenget er prioritert i regional plan i 2019 og får dermed tildeling.
Balestrand	I Balestrand var det i år 8 søknadar. 6 ordnære anlegg og 2 nærmiljøanlegg. Begge nærmiljøanlegga får tildeling. Bocciabane har høgst kommunal prioritet, medan rehabilitering av tursti er friluftslivsanlegg. Av dei ordinære anlegga får Kreklingen tursti og dagsturhytte Tjugatoten tildeling ettersom det er friluftslivsanlegg. I tillegg får rehabilitering av lager ved Saurdalen skianlegg tildeling ettersom dei har søkt over fleire år, og elektroniske skiver i Balestrand idrettshall er prioritert for tildeling i regional plan i 2019 og får også tildeling.
Bremanger	Bremanger hadde 4 søknadar. Alle var nærmiljøanlegg. 1 vart ikkje godkjend. Løpebane/hoppegrop på Kolset oppvekst og klatrepark på Svelgen oppvekst får tildeling grunna at dei er fornja søknadar og har høg kommunal prioritert.
Eid	Eid sökte i år midlar til 29 anlegg. 15 ordinære anlegg og 14 nærmiljøanlegg. 1 av søknadane vart ikkje godkjend. 4 av nærmiljøanlegga får tildeling. Sandvolleyballbane i Sagaparken er fornja over fleire år og har høg kommunal prioritet. Søknadane på Haugen skule og Stårheim skule er også fornja søknadar med høg prioritet. Løkja turveg er friluftslivsanlegg og kan dermed prioriteras. Av dei ordinære anlegga får rehabilitering av leirduebane og langrennstrasè i Fellesanlegget Tua tildeling ettersom dei er fornja over fleire år og har høg kommunal prioritering. Rehabilitering i Eid Idrettshus er ferdig revidert og fornja over fleire år. Sanitæreranlegg i Sagaparken er også fornja og ferdig revidert. Rehabilitering av undervarme ved Eid idrettspark er ein søknad frå frivillig sektor. I tillegg er Idrettshall ved Nordfjordeid skule prioritert for tildeling i 2019 i regional plan. Nedfart og snøproduksjons-anlegg i Harpefossen skisenter er prioritert øvst i Eid kommune, men ettersom dette anlegget ligg i langtidsprogrammet i regional plan vert denne søknaden ikkje prioritert for tildeling i år.
Fjaler	Frå Fjaler kom det i år 7 søknadar. 6 ordinære anlegg og 1 nærmiljøanlegg. Nærmiljøanleggsøknaden vart ikkje godkjend grunna manglande finansiering. Av dei ordinære anlegga får rehabilitering i Fjalerhallen tildeling ettersom det er ein gjenteken søknad som er prioritert øvst av kommunen. I tillegg får Kunstgrasbane ved Våge skule tildeling fordi søknaden er fornja over fleire år og har høg kommunal prioritering.
Flora	Flora leverte i år 18 søknadar. 10 ordinære anlegg og 18 nærmiljøanlegg. 2 søknadar på ordinære anlegg vart ikkje godkjend. 3 nærmiljøanlegg får tildeling. Sykkelsti ved Eikefjord skule er revidert, og har høg kommunal prioritet. Ballbinge og aktivitetspark ved Steinhovden skule er fornja søknadar med høg kommunal prioritet. Blant dei ordinære anlegga er motorkross bane ved Grov

	og idrettshall ved Eikefjord skule prioritert for tildeling i 2019 i regional plan. Klubbhus ved Grov motorsportanlegg var prioritert som nr. 1 på Florø kommunen si prioriteringsliste, men søknaden vart ikkje godkjend for tildeling grunn utgått idrettsfunksjonell førehandsgodkjennung, og kan derfor ikkje få tildeling.
Førde	I Førde var det i år 28 søknadar. 12 ordinære anlegg og 16 nærmiljøanlegg. 26 søknadar vart godkjend. 9 nærmiljøanlegg og 6 ordinære anlegg får tildeling. Anlegga ved Slåtten skule har søkt over fleire år og har høg kommunal prioritet. Bandybane og kunstgrasbane i Vieåsen er revidert og har søkt over fleire år. BMX-bane i Vieåsen har høg kommunal prioritert og Lysløype i Masdalen er ein fornya søknad med høg kommunal prioritet. Klatrepark ved Festplassen er revidert og har søkt over fleire år. Av dei ordinære anlegga får Sunnfjord skisenter til snøproduksjon ettersom den er prioritert øvst av kommunen. Tennisbaner i Hafstadparken har også høg kommunal prioritet og får tildeling. Skatepark i Hafstadparken er fornya over fleire år og er ferdig revidert og vert derfor prioritert for tildeling. Dagsturhytte i Vieåsen er eit friluftslivsanlegg og vert prioritert for tildeling. I tillegg er rulleskiløype i Hafstadparken fornya over fleire år og får derfor tildeling.
Gaular	Gaular sökte i år midlar til 15 anlegg. 11 ordinære anlegg og 4 nærmiljøanlegg. Av nærmiljøanlegga får Bygstad barneskule, og Sande barne- og ungdomsskule til lysanlegg. Desse er reviderte og har høg kommunal prioritet. I tillegg får sykkelløype ved Langeland ski og fritidssenter ettersom søknaden er revidert og dei har fornya søknaden i fleire år. Blant dei ordinære anlegga er snøproduksjons-anlegg på Langeland ski og fritidssenter prioritert som nr. 1 av kommunen og er i tillegg ferdig revidert. Dagsturhytte ved Kårstadskaret er eit friluftslivsanlegg og får dermed også tildeling.
Gloppen	Frå Gloppen kom det i år 18 søknadar. 13 ordinære anlegg og 5 nærmiljøanlegg. 1 nærmiljøanlegg får tildeling. Dette er balanseanlegg ved Gloppen ungdomsskule. Den har høg kommunal prioritet og er revidert. Av dei ordinære anlegga får friidrettsstadion i Hyen tildeling fordi den er prioritert øvst av kommunen, er fornya over mange år og er ferdig revidert. Turveg og sanitæranlegg i Trivelsskogen får tildeling ettersom dei er friluftslivsanlegg. I tillegg frå Trippelhall i Trivelshagen og rehabilitering av basseng i Hyen tildeling ettersom dei er prioritert for tildeling i 2019 i regional plan.
Gulen	I år har Gulen levert 10 søknadar. 5 ordinære anlegg og 5 nærmiljøanlegg. Blant nærmiljøanlegga får hinderløype og klatrepark ved Brekke skule tildeling. Desse har høg kommunal prioritet og er revidert. Av ordinære anlegg får turveg i Soleiebotn turområde tildeling ettersom dette er eit friluftslivsanlegg, samt at det er prioritert som nr.1 av kommunen.
Hornindal	Hornindal har i år 2 søknadar. 1 ordinært anlegg og 1 nærmiljøanlegg. Begge desse anlegga får tildeling. Klatrepark på Grodås som er eit nærmiljøanlegg. Søknaden er revidert og er fornya over fleire år. Søknaden av ordinære anlegg er dagsturhytte. Dette er eit friluftslivsanlegg. Hornindal kommune er i ein spesiell situasjon ettersom dei går over i Volda kommune i Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.01.2020. Både klatrepark og dagsturhytte er resultat av prosjekt initiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og dermed kan det vere naturleg at dei vert tildelt medan dei fortsatt er ein del av Sogn og Fjordane.
Hyllestad	Frå Hyllestad kom det i år 6 søknadar. 5 ordinære anlegg og 1 nærmiljøanlegg. Hyllestadhallen er prioritert for tildeling i 2019 i regional plan og er prioritert øvst av kommunen. I tillegg får dagsturhytte ved Sørefjordsvatnet tildeling

	ettersom dette er eit friluftslivsanlegg. Grunna høg tildeling til ordinære anlegg får Hyllestad ikkje tildeling til nærmiljøanlegg i år.
Høyanger	Høyanger leverte i år ein søknad. Denne søknaden gjeld rehabilitering av Høyangerhallen som er prioritert for tildeling i 2019 i regional plan. Denne søknaden har ein høg søknadssum som må tildelast over fleire år, og den får første tildeling i år.
Jølster	I Jølster var det i år 8 søknadar. 6 ordinære anlegg og 2 nærmiljøanlegg. Rehabilitering av skytebane på Myklebust skyttarstadion, nedfart i Jølster skisenter og idrettshall på Vassenden er prioritert for tildeling i 2019 i regional plan, og er i tillegg høgt prioritert av kommunen. Rehabilitering av friidrettsstadion er fornya fleire gonger, det er ferdig revidert og det er ein søknad frå frivillig sektor. Dagsturhytte i Fugladalen er eit friluftslivsanlegg og ein gjenteken søknad og får også tildeling. Grunna høg tildeling til ordinære anlegg får Jølster ikkje tildeling til nærmiljøanlegg i år.
Leikanger	Det kom 2 søknadar frå Leikanger i år. Begge er nærmiljøanlegg. Hinderløype ved Leikanger Idrettspark får tildeling grunna høgast kommunal prioritering samt at det er ein fornya søknad.
Luster	Luster har i år 14 søknadar. 7 ordinære anlegg og 7 nærmiljøanlegg. Av ordinære anlegg er treningsbasseng i Lustrabadet og Idrettshall ved Luster idrettspark prioritert for tildeling i 2019 i regional plan. Desse får samla ei relativt høg tildeling og det er ikkje rom for å tildele til fleire anlegg i Luster kommune.
Lærdal	Frå Lærdal kom det i år 5 søknadar. 3 ordinære anlegg og 2 nærmiljøanlegg. Klubbhus ved Lærdal stadion er prioritert som nr. 1 av ordinære anlegg i kommunen og er ferdig revidert og får derfor tildeling. Dagsturhytte ved Mjølkeflatene er eit friluftslivsanlegg og får derfor også tildeling. Grunna høg tildeling til ordinære anlegg får Lærdal ikkje tildeling til nærmiljøanlegg i år.
Naustdal	Naustdal sökte i år midlar til 16 anlegg. 6 ordinære anlegg og 10 nærmiljøanlegg. Av nærmiljøanlegg får 4 søknadar ved Naustdal barne- og ungdomsskule tildeling ettersom dei er ferdig revidert og har høgst kommunal prioritet. Naustdal kommune fekk ikkje tildeling til nærmiljøanlegg i 2018, og derfor bør det prioriterast tildeling i fleire nærmiljøanlegg i år. Blant ordinære anlegg får Klubbhus ved Instedalen skisenter tildeling ettersom det er ein gjenteken søknad, og etter føreseggnene derfor skal ha tildeling. Turveg m/lys i Grimsetmarka og dagsturhytte ved Steinkorsen er friluftslivsanlegg, og vert dermed prioritert for tildeling.
Selje	Det kom 7 søknadar frå Selje i år. 1 ordinære anlegg og 6 nærmiljøanlegg. 2 nærmiljøanlegg får tildeling. Turveg Risnakken er eit friluftslivsanlegg og har høgast kommunal prioritering av nærmiljøanlegga. Aktivitetsløype ved Stadlandet skule er frå frivillig sektor, og det er ein fornya søknad som er 2. prioritet i kommunen. Blant ordinære anlegg får turveg ved Flatraket tildeling ettersom den er prioritert som nr. 1 av ordinære anlegg og er i tillegg eit friluftslivsanlegg.
Sogndal	Sogndal leverte 20 søknadar i år. 15 ordinære anlegg og 5 nærmiljøanlegg. 4 nærmiljøanlegg får tildeling. Terrengsykkelløype ved Kaupanger stadion får tildeling, denne er prioritert øvst av kommunen, og den er frå frivillig sektor, i tillegg får ballbingar i Fjærland og Amlabukti og fleirbruksområde i Eidsgrenda tildeling. Dette er søknader som er fornya, dei kjem frå frivillig sektor og søknadane er revidert. Av ordinære anlegg får 5 anlegg tildeling. Sogndal idrettshall er prioritert for tildeling i 2019 i regional plan. Styrketreningsrom i Fosshaugane campus er ein fornya søknad med høg kommunal prioritet som er

	ferdig revidert og får tildeling. Nedfart med heis og lys i Sogndal skisenter er også fornya og har høg kommunal prioritet og får tildeling. Når det gjeld Sogndal skisenter har dei to andre søknadar som var prioritert høgare enn søknaden som får tildeling, men på bakgrunn av at søknaden på nedfart med heis og lys er ferdig bygd og revidert bad dei om at denne vart prioritert opp. Tursti i Årvollåsen er eit friluftslivsanlegg og får dermed tildeling. I tillegg får Klubbhus ved Kaupanger stadion tildeling ettersom den er frå frivillig sektor, og er fornya over fleire år.
Solund	Fra Solund kom det i år 3 søknadar. 2 ordinære anlegg og 1 nærmiljøanlegg. Dei to ordinære anlegga som begge er friidrettsanlegg får tildeling ettersom dei er fornya over fleire år og er ferdig revidert. Grunna relativt høg tildeling til ordinære anlegg får Solund ikkje tildeling til nærmiljøanlegg i år.
Stryn	I Stryn var det i år 12 søknadar. 7 ordinære anlegg og 5 nærmiljøanlegg. Av nærmiljøanlegga får ballbinge ved Tonning skule tildeling. Dette er ein søknad frå frivillig sektor, som er fornya og har høgst kommunal prioritering. Blant ordinære anlegg får 6 anlegg tildeling. Strynehallen, Turnhallen Arena Stryn, skytebane i Avleivsåsen og rehabilitering av hoppbakke ved Nordfjord friditssenter er alle prioritert for tildeling i 2019 i regional plan. I tillegg får Klubbhus i Olden tildeling ettersom det er ein søknad frå frivillig sektor og den er prioritert øvst på kommunen si prioriteringsliste. Dagsturhytta får også tildeling ettersom det er eit friluftslivsanlegg.
Vik	Vik leverte i år 7 søknadar. 4 ordinære anlegg og 3 nærmiljøanlegg. Av ordinære anlegg får Kunstgrasbane i Vik aktivitetspark tildeling grunna høg kommunal prioritet samt at det er ferdig revidert. I tillegg får dagsturhytte på Vikafjellet tildeling ettersom det er eit friluftslivsanlegg. Grunna høg tildeling til ordinære anlegg er det ikkje rom for å tildele til nærmiljøanlegg i Vik i år.
Vågsøy	Det kom 23 søknadar frå Vågsøy i år. 6 ordinære anlegg og 17 nærmiljøanlegg. Av nærmiljøanlegga får pumptrack og to streetbasketanlegg ved Vågsøy ungdomsskule tildeling. Desse søknadane har høg kommunal prioritering, er fornya over fleire år og er ferdig revidert. Av ordinære anlegg får 3 anlegg tildeling. Nordfjordhallen turnhall og idrettshall ved Vågsøy barne- og ungdomsskule er begge prioritert for tildeling i 2019 i regional plan. I tillegg får sanitæranlegg ved Vågsøy barne- og ungdomsskule tildeling ettersom det er ferdig revidert og har høg kommunal prioritet.
Årdal	Årdal søkte i år midlar til 6 anlegg. 2 ordinære anlegg og 4 nærmiljøanlegg. Blant nærmiljøanlegga får klatrepark og crossfit anlegg ved Jotun stadion tildeling. Desse søknadane er fornya over fleire år, har høgst kommunal prioritering og er ferdig revidert. Av dei ordinære anlegga får Rehabilitering av Kunstgrasbana på Jotun Stadion tildeling. Dette er eit pilotanlegg i Sogn og Fjordane. Det skal etablerast ei miljøvenleg kunstgrasbane utan gummigranulat. Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidd mykje for å redusere svinn av gummigranulat frå kunstgrasbaner og fylkeskommunen har løyvd eit tilskot frå tilskotsordninga for klima- og miljøtiltak til denne bana. Tildeling frå spelemidlane vil vere med å sikre at tiltaket vert gjennomført raskt.